

AVTALE

mellom

Meland kommune

og

Johannes Norheim og Siv Norheim

Eigarar av gbnr. 23/50 i Meland kommune

Meland kommune og eigarar av gbnr. 23/50 i Meland kommune har inngått følgjande avtale om omlegging av avkøyrse, der kommunen er ansvarleg for prosjektering og anleggsarbeid:

1. Meland kommune skal bygge vatn- og avlaupsleidning langs Mjåtveitvegen på Frekhaug. På same strekning skal det byggjast fortau. Fortauet skal starte der som noverande fortau avsluttar, og fortsett langs vegen på same side. Vassleidningane skal liggje under fortauet. For å få frigjort areal til fortau og leidningar er det naudsynt at grunneigar får lagt om sin private avkøyrse til eiedomen. Noverande avkøyrse vil bli erstatta med ein ny avkøyrse via gbnr. 23/401, som synt på vedlagt kart. Av omsyn til trafikktryggleik er det mest tenleg at grunneigar og eiedom gbnr. 23/51 i framtida nyttar same avkøyrse for å kome seg til kommunal veg (Mjåtveitvegen). Grunneigar gjev gjennom denne avtalen Meland kommune rett til å lage ny avkøyrse for eiedomen.
2. Den aktuelle plasseringa av avkøyrse er synt på vedlagte forstørring av kart i målestokk 1:1000. Det kan bli mindre tilpassingar av trasèen innanfor anleggsbeltet i samband med detaljprosjektering og utføringa av arbeidet.
3. Meland kommune har rett til tilkomst til eiedomen der det skal anleggjast avkøyrse i anleggstida, samt rett til å nytte omkringliggande private framkomstvegar som grunneigar er heimelshavar til, dersom det er naudsynt for å få gjennomført anleggsarbeidet.
4. Arbeidet med den nye avkøyrse skal utførast slik at det valdar minst mogleg skade og ulempe. Der eiedomen vert rørt skal dei opphavlege forholda bli gjenoppretta i den grad det er mogleg. Følgjande er nærare avtalt:
 - For å få frigjort areal til fortau vil den noverande avkøyrse til grunneigar bli tetta igjen med mur. Her vil området bli tilpassa eksisterande situasjon kva gjeld høgda på den nye muren og det nye parkeringsarealet.
 - Beleggingsstein vil bli fjerna, og den nye tilkomstvegen vil vere i asfalt.
 - Den nye avkøyrse skal tilpassast eksisterande avkøyrse, og noverande parkeringsareal vil verte bli utvida ved omlegginga, som synt på vedlagt kart. Grunneigar skal difor betale ei eigendel for det meirarbeidet og dei meirkostnadene kommunen tek på seg utover gjenopprettinga. Eigendelen presiserast under punkt 7 i avtalen.

- Kva gjeld ytterlegare tilbakeføring vil kommunen fylle ut masse på den sida av den nye avkøyrsele som ikkje grensar mot kommunal veg.
 - For å sikre grunneigar tilkomst til eigen eigedom, vil avkøyrsele til grunneigar gå over vegen på gbnr. 23/401. Meland kommune vil difor og leggje asfalt på eigedom gbnr. 23/401. Av omsyn svingradius vil det og bli lagd asfalt i området foran garasjen på gbnr. 23/401. Kommunen legg følgeleg til rette for at grunneigar og eigedom gbnr. 23/401 skal nytte same avkøyrsele til Mjåtveitvegen via eigedom gbnr. 23/401 over fortauet. Fortauet vil bli nedsenka ved avkøyrsele til eigedomane.
5. Før anleggsarbeidet startar opp føreset kommunen at grunneigar har vegrett over eigedom gbnr. 23/401 for å kome seg ut på Mjåtveitvegen. Kommunen krev at grunneigar og eigar av gbnr. 23/401 inngår ein skriftleg avtale om vegrett seg imellom **innan 05.02.2019**, og at kommunen får tilsendt kopi av avtalen.
 6. Kommunen vil understreke at denne avtalen er mellom Meland kommune og grunneigar av gbnr. 23/50. Denne avtalen regulerer følgeleg ikkje det privatrettslege forholdet mellom grunneigarene.
 7. For kostnadane knytta til etablering av ny parkering utover det som kommunen er pliktig til å gjenopprette, må grunneigar betale ein eigendel pålydande 108 678 kr. Eignedelen er basert på eit prisoverslag utarbeida av Norconsult, som ligg vedlagt. Endeleg oppgjer finn stad når arbeidet er ferdig utført.
 8. Påviselege anleggsskadar på eigedomen skal utbetrast så langt dette ler seg gjera. Skadar som påviseleg skuldast anleggsarbeidet, har ein kommunal garanti på 5 år. Dersom partane ikkje blir einige om skadane er tilstrekkeleg utbetra skal ein fagperson frå langbruskforvaltninga i kommunen avgjere saken.
 9. Eventuell erstatning for skade eller ulempe som måtte bli påført eigedomen som følge avtalen skal erstattast ved minneleg overeinskomst eventuelt skjønn.
 10. Etter at arbeidet er utført skal Meland kommune, saman med grunneigar, gjennomføre synfaring.
 11. Denne avtalen skal tinglysast som hefte på eigedomen. Meland kommune betalar kostnadene ved tinglysinga.

Stad og dato:.....

Stad og dato:

Deleigar av gnr. 23 bnr. 50

Meland kommune

.....

.....

Personnr.:.....

Orgnr.: 951 549 770

Stad og dato:.....

Deleigar av gnr. 23 bnr. 50

.....

Personnr.:.....